



Cowi AS  
PB 6412 Etterstad  
0605 OSLO

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3278 - 15/23113

Saksbehandlar:  
Tore Johan Erstad  
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:  
15.01.2016

## Godkjenning - GBNR 23/4 - Løyve til oppføring av tilbygg til Varnappen reinseanlegg

**Administrativt vedtak. Saknr: 455/2015**

**Tiltakshavar:** Meland kommune  
**Ansvarleg søker:** Cowi AS v/Judith Espeseth  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### SAKSUTGREIING:

#### Omsøkt tiltak:

Ved søknad journalført 22.12.2015 har ansvarleg søker Cowi AS søkt om løyve til oppføring av tilbygg til Varnappen reinseanlegg på gbnr 23/4 i Meland kommune. Tilbygget er omsøkt med ein storleik på 30 m<sup>2</sup> BYA og 52 m<sup>2</sup> BRA. Tiltaket samla sett inneber ei utnytingsgrad på 0,50 % BYA. For skildring av tiltaket elles vert det vist til søknaden med vedlegg.

Saka var klar for handsaming ved mottak av supplerande dokumentasjon frå ansvarleg søker journalført 15.1.2016.

### VURDERING:

#### Nabovarsling:

Administrasjonen er samd med søker i at det ikkje er krav om nabovarsling i saka. Omsøkt tiltak vil ikkje ha påverknad for naboar eller gjenbuarar, jf pbl § 21-3, 2. ledd.

#### Lov- og plangrunnlag:

Den omsøkte egedomen er omfatta av *Reguleringsplan for Frekhaug aust* (arealplanID 125619930624) og tilbygget ligg i sin heilskap innanfor eit område som gjennom denne planen er avsett til offentleg formål; reinseanlegg. Tiltaket er i samsvar med arealformålet og krev heller ikkje dispensasjon frå byggjegrænse mot sjø.

Administrasjonen finn på bakgrunn av reguleringsplanen og opplysningane i søknaden at tiltaket i høve til formål, storleik, plassering og utnyttingsgrad er i samsvar med plangrunnlaget, slik at det ikkje er trong for dispensasjon.

Plassering, høgde, utnyttingsgrad, parkering og avstand frå nabogrense:

Tiltaket skal plasserast som vist på vedlagt situasjonskart journalført motteke 22.12.2015. Slik tiltaket er skildra gjennom søknaden med vedlagt dokumentasjon, legg administrasjonen til grunn at tiltaket er i samsvar med pbl § 29-4 i høve til plassering og avstand frå nabogrense.

Utforming, planløyising, funksjon og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og utsjånad og vert elles vurdert til å vere i samsvar med krava til utforming og visuelle kvalitetar i pbl §§ 29-1 og 29-2, jf vedlagte plan-, snitt- og fasadeteikningar og situasjonsplan journalført motteke 22.12.15.

Omsøkte ansvarsrettar:

Det er søkt om følgjande ansvarsrettar:

<b>Føretak:</b>	<b>Godkjenningssområde for funksjon og ansvar:</b>
Cowi AS Org.nr 979 364 857 Sentral godkjenning	SØK, heile tiltaket (tkl 1) PRO, nytt tilbygg for bygningsmessige arbeid (tkl 1)
Betongentreprenør T. Dale AS Org.nr 994 515 314 Lokal godkjenning	UTF, grunn- og betongarbeid (tkl 1)
Langenes Bygg AS Org.nr 979 523 947 Sentral godkjenning	UTF, tømrararbeid (tkl 1)

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

**VEDTAK:**

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningslova § 20-1 løyve til oppføring av tilbygg til Varnappen reinseanlegg gbnr 23/4, jf søknad journalført 22.12.2015, supplert 15.1.2016.

Plassering og utforming av tilbygg og konstruksjonar skal vere som vist på vedlagt situasjonskart og plan-, snitt- og fasadeteikningar journalført motteke 22.12.2015. Minstegrensa på 4 meter frå nabogrense er absolutt dersom anna ikkje følgjer av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Ansvarsrettar vert godkjent som omsøkt, jf vurderinga ovanfor.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna følgjer av dette vedtaket. Vedtaket er gjort med heimel i Plan- og bygningsloven, Veglova og Forskrift om begrensning av forurensing, og administrativt fatta i medhald av delegert mynde.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
konsulent byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
teikningar

**Vedlegg:**  
teikningar  
teikningar  
kart

**Kopi til:**  
Ronny Landaas

**Mottakere:**  
Cowi AS

PB 6412 Etterstad 0605

OSLO